


BOKN BYGDABLAD

Nr 6 - Juli/August 2001 - Årg. 16



Ta sjansen - s. 6



3000 dugnadstimar - s. 22





Australiastudentar - s. 26



Bokn
kommune

Kusymre
kommuneblom i Bokn





RDFØRAREN RDET

Heil!

Håpar alle har hatt ein fin sommar og lada batteriene til hausten og vinteren.

Fint gjort!

På skulen er der nokre som har hatt elev-bedriftar, bl.a. laga såper.

Ved sal av desse såpene har dei fått et overskot, og før ferien ga dei pengene til sjukeheimen. Pengane skulle brukast til is og anna kaffigodt i sommar. Eg synest det var veldig fint gjort, og viser at ein har omtanke for kvarandre. Tusen takk!

Galoppbane i Rogaland

Før ferien, den 18/6, arrangerte Bokn kommune og fylkesmannen i Rogaland eit møte for å sjå på mulighetene for å få ein galoppbane i Rogaland. Bokn er då selvsagt interressert i å sjå på om dette er noko for oss. Her deltok folk frå Øvre-Revoll, Forus og hestesportmiljøet forøvrig. Erik Eikje er saman med undertegna med i ei gruppe som skal arbeida vidare for å sjå på mulighetene.

På samme møte presenterte Høgskulen i Stavanger ein forstudie i utvikling av eit reiselivs-anlegg på Bokn, spesielt tilrettelagt for funksjonshemma.

Konklusjonen er heilt klar på at Bokn er rette plassen og at der er eit marked.

Dette er eit prosjekt med store muligheter, skaffe arbeidsplasser og fritidstilbud på Bokn. Formannskapet skal nå behandle saken og avgjere om, og korleis me skal gå vidare.

Regionaltilskot

I forrige blad var eg inne på økonomien til Bokn kommune. Bokn har nå fått bekreftelse frå Kommunaldepartementet på at Bokn får regionaltilskot i år 2002. Dette betyr at me ikkje får ein reduksjon i overføringane på ca. 4 mill. kroner, noko som hadde vore dramatisk for oss.

Arbeidet med budsjettet for 2002 starter nå opp, og kommunestyret vil ha ein samling i slutten av september for å gå gjennom situasjonen nå og legge planar for neste og kommande år.

Omsorgsbustader


Regjering og storting har sett i gong ei satsing på bygging av omsorgsbustader og nærmast lova kommunane tilskot. Nå viser det seg at det ikkje er bevilga penger til meir enn ca 1/3 av kommunane sine behov. Bokn har ikkje fått svar på sin søknad, men håpar at me har ein så god søknad at me vil få tilskot. Eg trur ikkje Bokn har økonomi til å bygga utan tilskot, så det er avgjerande at me får tilskot. Det blir derfor arbeida administrativt og politisk for å få Stortinget til å bevilga meir pengar og sikra Bokn tilskot.

Trafikkultur

Det er farlig å ferdast i trafikken, noko me fekk føla i sommar med ei ulykke på E 39.

På Bokn har me smale og svingete vegar, oftast utan fortau. Vegane er skuleveg og går gjennom boligområde. Barn og unge har ein tendens til å opphalde seg på vegane.

Dette må me som bilistar ta hensyn til og ikkje køyre unødvendig og fort, t.d. gjennom



byggefeltet i Hålandsjøen. Samstundes må ungane opphalde seg minst mulig i vegen og lære seg faren med bilane. Med andre ord me må ta hensyn til kvarandre.

Svein Ove



STORTINGSVALET 2001

Valnemnda minner om anledningen til å **forhånds-røyste** ved Stortingsvalet 2001 på Boknatun **kvar onsdag fram til uke 34 frå kl. 12.00 til kl. 14.00.**

I uke 34 og 35 vil der være anledning til å forhånds-røyste kvar dag frå kl. 12.00 til kl. 14.00.

Den siste uka før valdagen, uke 36, er åpningstida for forhånds-røysting frå kl. 10.00 til kl. 14.00.

Hugs å ta med tilsendt valkort når du skal forhånds-røyste.

Dersom ein har mista valkortet, kan duplikatkort fremskaffast av postverket. Ta i så fall kontakt med landpostbudet eller Aksdal postkontor.

På valdagen 10. september 2001 vil vallokalet være åpent frå kl. 09.00 til kl. 20.00.

Der vil bli satt opp bussruter til og frå vallokalet på valdagen.

Nærare opplysningar om valtinget 10.september og bussruter til og frå vallokalet blir kunngjort seinare.

Vel møtt til VALMØTE

i gymnastikksalen på Bokn skule,
mandag 27. august 2001 kl.19.00.

På mandag 27. august har du høve til å høyra stortingskandidatar frå Arbeidarpartiet, Høgre, Kr.F. og Senterpartiet bryna seg mot kvarandre. Det er òg høve til å stilla spørsmål og elles å delta i debatten. Nokre av dei som skal styra landet dei neste fire åra kjem til bygda, ver med og gje dei innspel om utfordringar som opptek deg!

Alle dei fire er skarpskodde listetoppar - kanskje kan

denne debatten gje svar på kven som fortener røysta di.

Desse blir med oss:

Arbeidarpartiet:	Jan Petter Rasmussen, stortingsrepresentant, Eigersund
Høgre:	Inger Lise Aarrestad, personalkonsulent, Stavanger
Kr.F:	Björg Tørresdal, rektor, Sandnes
Senterpartiet:	Endre Skjørestad, advokat, Sandnes

Arrangørar:

Bokn Arbeidarparti
Bokn Høgre

Bokn Kr.F.
Bokn Senterparti



Eit godt råd til boknarane!



Veit du at det er val i haust? Denne gongen gjeld det ikkje bare noko å leva av, men noko å leva for! Tida er nemleg inne til å velga nytt sokneråd i Bokn. Dei som blir valde, skal vera med og staka opp kursen for kyrkjearbeidet i bygda. Difor er det viktig at også du møter opp i Bokn kyrkje, søndag 14.oktober og nyttar røysteretten din. Har du ikkje høve til å møta nett då, kan du førehandsrøysta på Boknatun. Tid og stad blir kunngjort seinare.

Attåt at du må vera medlem i den norske kyrkja, gjeld vanlege vilkår for røysterett.

Lista, godkjent av soknerådet, ser slik ut:

Forslagsstillarar: Birger Lindanger, Eva Moi, Trond Nedrebø, Sigurd Johnny Svendsen, May Jorunn Vartnaland, Liv Vatnaland, Bernhard Våge, Sigvart Våga, Solveig Våga og Marie Vågshaug.

1. Solveig Våga
2. Bjørn Erik Gundersen
3. Egil Ognøy
4. Sigvart Våga
5. May Jorunn Vatnaland
6. Birger Lindanger
7. Eva Moi Eikje
8. Bernhard Våge
9. Lillian Grønnestad

10. Reidar Alvestad
11. Ingrid Jøsang
12. Ruth Iren Dybdal
13. Helge Solberg
14. May Elisabeth Alvestad
15. Gunnar Bokneberg
16. Gudny Sæbø
17. Margunn Are

Ein kan gjere rettingar på røystesetelen ved å

1. stryke namn
2. setje inn nye namn og merke av kor på lista namnet skal stå
3. endre rekkjefølgja på namna
4. kumulere namn på lista ved å
 - skrive namnet ein gong til, eller
 - skrive «kum» ved namnet, eller
 - setje ein kryss (x) ved namnet

NB:

Det er berre dei 11 fyrste plassane på lista etter eventuelle endringar som får røyster ved oppteljing.

Kumulering av namn ein fører opp sjølv på lista vert ikkje godteke.

Helsing
Bokn sokneråd



BOKN KOMMUNE
5561 BOKN

Ungdomsbustad til leige

Bokn kommune har 1 ny ungdomsbustad på Øyren til leige. Bustaden er på 61m² med 2 soverom.

Husleiga er kr. 2.950,- pr. mnd. Utgifter til straumforbruk og oppvarming kjem i tillegg.

Bokn kommune har vedtatt reglar for utleige av ungdomsbustader som går på leigetid, alder m.v. Nærare opplysningar om dette kan ein få ved å venda seg til Bokn kommune ved Reidar Alvestad, tlf. 52 75 25 04, eller Hans Erik Lundberg, tlf. 52 75 25 06.

Søknad skal sendast til Bokn kommune, 5561 Bokn.

ETTERLYSING:

bilete av "Svingane"

Har du kanskje liggjande eit bilete frå den tida då "Svingane" var den vegen som var i bruk frå Grytlå til Vaulen ved sørenden av Boknafjellet?

I så tilfelle er me interesserte i å låna biletet for å skanna det av til biletsamlinga vår.

Det er ei nedlagd vegstrekning med 5 hårnålssvingar som er så spesiell at me i alle fall burde ha eit bilete i samlinga vår.

Kontakt Reidar Alvestad eller Jardar Havikbotn.

Kulturprisen 2001

Bokn kulturkontor ynskjer forslag på kandidatar til kulturprisen 2001.

Prisen, som blir delt ut på eit kulturarrangement til hausten, skal vera ei påskjøning til ein person, lag eller andre som har utført eit særleg verdfullt arbeid på kulturområdet eller i nærmiljøet i Bokn kommune.

Desse har fått prisen tidlegare:

Eivind Øvrebø	1993
Målfrid Kro Trosnavåg	1995
Olaug Hognaland	1997
Solveig og Leiv Våga	1999



Olaug Hognaland
fekk prisen i
1997.

Stikkord for desse personane har vore *bygdemuséet, kulturvern, restaurering, innsamling, kulturformidling, lokalkunnskap, entusiasme, inspirasjonsfigur, tradisjon, diktar- og forteljarevne, dikt- og prologskrivning, barne- og ungdomsarbeid, uformell, respekt og ildsjeler.*

Nå har **du** sjansen til å påverka kven Bokn kommune bør gi kulturprisen i år. **Skriv eit brev til kulturkontoret og fortel om kvifor akkurat den personen eller dei personane/laget bør få kulturprisen.**

Frist: 1. oktober



DRIKKEVANN FRA FAST FJELL


En ny omfattende undersøkelse utført ved Institutt for geologi og bergteknikk viser at seks av 10 brønner, som henter vann i fast fjell, har for høye verdier av ett eller flere grunnstoffer som kan være helse-skadelig.

Innholdet av radon,fluor, natrium,jern og mangan er viktige parametere i tillegg til ph-verdien.

Hytteiere som har fjellbrønn trenger ikke sjekke kvaliteten på drikkevannet, men husholdninger bør kontrollere kvaliteten med tanke på eventuell vannrensing.

Drikkevannskontroll utføres ved næringsmiddelkontrollen. Spørsmål rundt temaet kan også rettes til teknisk etat.

De som ønsker nærmere informasjon om undersøkelsen kan kontakte NTNU v/Bjørn Frengstad på tlf. 73 59 68 33



BOKN KOMMUNE
5561 BOKN
SEKSJON HELSE

Ledig vikariat i helseseksjonen

50% stilling som hjelpepleiar/omsorgsarbeidar

Vikariatet er ledig 1 år frå 20. august 2001.

Arbeidet omfattar pleie- og omsorgsoppgåver ved Bokn sjukestove og i brukarane sin eigen heim. Ein må kunne disponera bil i arb eideid. Arbeidet er i tredelt turnus, med vakt kvar 3.helg.

Løn følgjer Hovedtariffavtalen.
Tilsetjing på vanlege kommunale vilkår.

Opplysningar om vikariatet vil ein få ved å venda seg til pleie og omsorgssjef Anny Kallekødt, tlf. 52 75 25 16 eller seksjonssjef Gunn Grønnestad, tlf. 52 75 25 34.

Søknad sender ein til Bokn kommune, Tilsetjingsutvalet for Helse, 5561 Bokn innan 14.september.

Rådmannen

Frivillige mannskaper til brannvesenet

Det er ledig 3 stillinger som frivillig mannskap i Bokn brann-og redningsvesen.

Søkere må ha førerkort (klasse c vil være en fordel) og være i normal fysisk form. Den som blir tilsatt må være villig til å gjennomgå nødvendig opplæring (minimum et brevkurs, røykdykking og førstehjelp).

Tjenesten omfatter 8-10 øvelser/utrykninger pr. år. I tillegg er mannskapene forpliktet til å bære personsøker døgnet rundt når en oppholder seg i kommunen.
Det er ikke innført vaktordninger.

Tilsettingsvilkår vil ellers være i henhold til gjeldende avtaleverk. Fast godtgjørsle utgjør for tida kr. 8.000,- pr. år. I tillegg blir det betalt for deltakelse på øvelser og utrykninger.

Spørsmål kan rettes til brannsjefen på telefon 52752505

Søknad må være sendt Bokn kommune innen den 05.09.01

Brannsjefen

HELSESTASJONEN I BOKN

Helsestasjonen vil heretter ha open helsestasjonsdag på torsdagar mellom kl.08.30 – 12.30.
Tirsdag etter avtale med helsesøster.

Bygdabladet vil koma tilbake til ein presentasjon av den nye helsesøstera i kommunen.

Kunngjering

Seksjon teknisk beklager med dette feil i Haugesunds Avis under spalten "tinglyste skjøter".

Her stod det at Erna Aksdal hadde solgt tomt til Alv Erland for kr. 130.000.

Dette er ikkje riktig. Det var Bokn kommune som var selgar av denne tomte.

Leilighet

Kommunen har ledig leilighet i horisontaldelt bolig i Alvestadkroken f.o.m.01.10.01.

Boligen har hybelleilighet i underetasjen som er bebodd.

Husleie er for tida kr.2925,-

Interesserte kan henvende seg til Servicetorget på tlf. 52 75 25 00

"TA SJANSEN" i Homraparken

May Jorunn Vatnaland

Lørdag 11.august var det igjen mulig å ta sjansen i Homraparken.

Det var andre året Bokn Båttforening arrangerte dette.

Det ser ut for at det er blitt ein populær tradisjon, vel 150 store og små møtte opp.

Me hadde i år igjen dei rette kontaktane når det gjaldt været, sol og tålig bra temperatur.

Det er heilt avgjerande for at dette arrangementet blir vellykka at værgudane er med oss.


Det er viktig å få fram at ein ikkje treng å vera båteigar eller medlem av Båttforeningen for å delta på arrangementet. Det går båtskyss og arr. er ope for alle.

Nytt av året var grilling av laks – servert med tilbehør, og loddsal.

Det blei og servert levande musikk av Onar Alvestad og Harry Bokneberg, noko som laga ein fin sommarstemning.




Det er godt med sitteplassar i Homraparken.



Øverst: Kappadling på hvalrosser.
Nederst: Harald Øvrebø på Apebrua.

Konferansier i år var Olav Rossebø som var glimrande til denne jobben. Han hadde mang ein god kommentar til dei sporty utøvarane.

Vinnarane på Apebrua i år blei Gunnar Bokneberg, Rita Jensen og Wolfgang Ognøy.



Skikkelig sommarstemning med levande musikk, dårligare med danseplass....

Arbeiderpartiet, Arild Ognøy, Birger Lindanger, Arne Hosaas og Harry Bokneberg, fekk gullmedaljar til å bite i...

På kappadling vant Nathalie Våge.

Siden det i år er valkamp blei dei politiske partia utfordra til å stilla til vannvolleyball-kamp.

Ap blei utpekt til vinnarar her, utan at det treng ha nokon betydning



for vidare valresultat.

Dei minste fanga småkrabber, litt våte sokkar og sko blei det og....

Me håpar at alle koste seg, og at enda fleire finn vegen neste år.

Tusen takk til Bokn Røde Kors og alle dei som stilte opp til dugnadsarbeid og ein KJEMPETAKK til :

LODEN LAKS som sponsa laks.

BAMA FRUKT OG GRØNT for grønnsaker.

HAUGE OG LINDAAS BAKEHUSET for brød.

ALVESTADKROKEN LANDHANDEL for loddgevinst.

SR-BANK BOKN for loddgevinst

HÅFLU for reker til loddgevinst

Ved flytebrygga og sjøhuset låg det ganske tett med båtar heile dagen.

Til tross for at det var Sildajazz i Haugesund stoppa heile ni båtar igjen til dagen etter .

Her var det sosialt samvær med grilling og rester av laks.

Moralen blei "Ka ska me med Sildajazz når me har Vågholmen"..

Flytebrygga er faktisk ganske flittig brukt i sesongen. Her ligg det båtar rett som det, både kjente og ukjente.



Båtinteressa er i medvind på Bokn. Medlemstalet er fortsatt bra, nye kommer stadig til og adle er velkomne.

Under helgas arrangement blei det funne ei piratbukse i barnestørrelse.

Den kan ein få igjen ved å ta kontakt med May Jorunn.

MINNEORD

Tordis Våga vart fødd på Are 02.03.11 som nr. sju i ein syskenflokk på åtte, to gutar og seks jenter. Den eine av gutane og alle jentene vart buande i Bokn. Foreldra var Bertha Johanna (Hanna) og Mathias Are.

Ho vart tidleg barnejente hjå eldre systrer, seinare arbeidde ho som tenestejente. Ei tid var ho i sylære i Kopervik.

I 1931 gifte ho seg med Osmund S. Våge og flytta til garden hans i Våga. Dei fekk seks barn. Ein døydde ved ei ulukke, 4-5 år gammal, og dette var eit hardt slag for henne.

Tordis var ei god og omsorgsfull mor og bondekone. Ho vart tidleg enke. I 1958 døydde Osmund av kreft. Han låg sjuk og døydde heime, og det var Tordis sjølv som stelte han.

I ungdommen var ho med i losje og ungdomsforeining, og seinare i sanitets- og misjonsforeining.

Dei siste åra budde ho på Bokn sjukestove.

Tordis etterlet seg fem barn og fire svigerbarn (då ein av dei er død), 19 barnebarn, 23 oldebarn og ein bror.



Snarrådige barnehageansatte Takk!

Mandag 13. august skulle bli en dag som vi aldri vil glemme. Vi leverte barna Gabriel (3 1/2) og Karen (5) i barnehagen. Senere på dagen ble det bestemt at vi skulle gå over fjellet ifra Hognaland til Laupland for å se etter blåbær. Farmor Karen (Hetland), Håvard med Ingrid (2) i bæremeis og undertegnede. Vi skilte lag på fjellet da Håvard og Ingrid skulle gå tilbake til bilen og hente Karen og Gabriel i barnehagen.

Da vi kom på nedstigning til Laupland slo jeg på mobiltelefonen for og gi Håvard beskjed om å bli hentet. Melding lå inne på tlf. om at jeg måtte kontakte min søster i Haugesund omgående. Hun kunne fortelle at jentene var hos henne og at Håvard var på sykehuset med Gabriel. Det hun visste var at han var stukket av en bie i lippen og at han var "falt vekk". Dette skjedde en halv time før Håvard kom for å hente barna. Barnehagens ansatte hadde prøvd å ringe oss uten å få kontakt.

Jeg snakket senere med Håvard fra sykehuset og han kunne fortelle at legen sa at dette var et allergisk anfall. Etter å ha fått telefon i går kveld ifra en av barnehagens ansatte om hvordan dette skjedde så ser jeg at dette kunne gått langt verre. Flere ganger måtte de i ambulansen prøve å holde Gabriel våken. Ifra Aksdal kom lege og da ble det satt på blålys. Vi sitter med en stor takknemlig takk til barnehagens ansatte om den snarrådige reaksjonen dere viste. Takk for at der e reagerte: "uten å spørre eller vente på foreldrene først"!

Gabriel fikk besøk av Jarle (styreren) i barnehagen igår kveld på sykehuset. Han fikk pakke ifra barnehagen. Det var en ambulanse. Dette var stor stas og han pratet og var i fin form. Jeg har mange ganger tenkt at vi er heldige her i kommunen som har ansatte i barnehagen som har mange års erfaring med egne barn, og som gjør en utrolig god jobb med barna våre - og ikke minst den raske reaksjonen! Igjen tusen takk!!

Spesielt vil jeg takke Marit Elin Våge som var med Gabriel hele tida, fra han ble stukket, på sjukestova, i sykebilen og på sykehuset, og som jeg snakket med i tlf. om kvelden.

Kari Nesse Hetland

Det var nok ein veps.

Jardar Havikbotn

Bokn sin eigen birøktar, Sigurd Johnny Svendsen, seier til Bygdabladet at det nok var ein veps som stakk Gabriel Hetland. Insektet i barnehagen stakk nemleg av etter angrepet, og ingen brodd stod igjen.

Når ei bie stikk, dør ho, og brodden står igjen, fordi han i motsetning til vepsen sin brodd har såkalla mothake. Brodden sit aldri igjen etter eit vepsestikk, og den same vepsen kan stikka fleire gonger. Dessutan går vepsen til angrep heilt uprovisert. Skal du få ei bie til å stikka må du trø på ho, eller plukka den blomen ho sit på. Men viss du kjem for nærme bikubene, vil vaktbiene seia frå og stikka deg.

- Bier som er ute og samlar nektar er ferdig med "militætenesta" og vil aldri stikka, så sant du ikkje provoserer dei skikkeleg, kan Sigurd Johnny fortelja.

Desse insekta har gift i broddane sine, og vepsen har sterkast gift. Blir du stukke skal du umiddelbart ha eddik på eit lommetørkle/serviett e.l., for å trekka ut gifta. Viss det er ei bie må du først fjerna brodden. Der sit nemleg giftposen, og blir ikkje brodden fjerna vil det fortsatt bli pumpa gift inn i såret. Bruk aldri fingrane til denne jobben, men ein pinsett, eller legg ein kniv flatt på huden og før over stikket.

NB! Blir vedkomande sveitt, kald og trøyt er det teikn på allergi, og lege må kontaktast!

Humler har også brodd og kan stikka. Dei bit seg i tilfelle fast først, og det er nok derfor mange trur at humlene berre bit.

Sigurd Johnny vil gi fylgjande råd: **Ikkje send ungane ut med syltetøy e.l. rundt munnen e.l. ler på fingrane no i desse "syltetider"**. Vepsen er svært interessert i dette no for tida. Dessutan er han klengete og aggressiv.

Han føler på seg at det går mot haust, og at han må sikra seg nok vinterfor. Men det er berre til dronninga, vepsen dør nemleg i slutten av oktober. Dette kjenner han på seg, og er grunnen til at vepsen er så sløv, klengete og aggressiv på seinsommaren.

Biene derimot overvintrar, og er aktive til temperaturen kjem under 10 grader. Når våren kjem att og det blir over 10 grader, blir det igjen liv rundt bisamfunna.

Biene blir også meir aggressive når det er lavtrykk i vente. Det er dei ikkje begeistra for, og rett før ev. torden er dei heilt på styr.

- Dette gjeld også for veps, men er heilt typisk for bier, avsluttar Sigurd Johnny.





Nokon frå barnehagepersonalet med takkekaka frå familien Hetland 15. august: bak fv. lærling Tone Kallevik, Margunn Taraldlien, Rita Nesvik og Marit Elin Våge. Foran styrar/seksjonssjef Jarle Haakonseth. Folk frå sjukestova åt også sjølv sagt av kaka, men var ikkje til stades då bildet blei tatt.

Takk til sjukestova!

Måndag 13.08.01 skjedde det i barnehagen, det som me tilsette fryktar mest; eit akutt tilfelle der barn er innblanda.

Me har registrert at dette er blitt varmt motteke, m.a. lesarinnlegg i Bokn Bygdablad, og eit stykke i Haugesunds Avis, og anna oppmerksomhet her i barnehagen.

Me synes at det er OK at når først uhellet er ute, og at det går bra, at dette blir sett pris på. Hendinga er eit godt eksempel på at beredskapsplanen for barnehagen virker. Men me må heller ikkje gløyme at det barnehagen gjorde i dette tilfellet, kun var ein del av heilheten, me ynskjer å understreke at den hjelpa me fekk på sjukestova var profesjonell og god,

frå det første møte med pleierane, til lege og ambulansen.

Me er heldige her på Bokn, med profesjonell medisinsk hjelp på sjukestova, som ligg sentralt på øya, og som når uhellet er ute, med ein gong har kompetansen til å sjå alvoret i situasjonen. Gong på gong høyrer ein om tilfeller der ein ikkje får hjelp, når ein treng. Så er ikkje tilfelle her på Bokn.

Måndag 13.08.01 vil me huska som den dagen då me fekk testa vår eigen kompetanse innanfor førstehjelp, beredskapsplanen for barnehagen, og beredskapen på sjukestova. Og gjerne i ein bisetning få lov til å takka politikarane på øya for den sentrale tomte me har fått til barnehagen....

*Jarle Haakonseth
seksjonssjef*

Gild tur til Røros

Tekst: Sigvart Våga - foto: Solveig Våga

Som nemndt i føre nummer av Bygdebladet fekk Bygdeboknemnda ein tur til Røros av Bokn kommune. Me seier så mange takk for det. Såkalla "ledsagar" var og med på eigen kostnad. Me var 11 stk. i alt. Turen var frå fredag 03. august til sundag 5. august.

Alle var tidleg nok oppe då dro-sjen henta oss kl. 06.15. Me kom oss vel fram til flyplassen på Helganes, der flyet "vårt" gjekk kl. 08.00. Flyet heitte forresten "Solveig Viking", høvde godt for eit par av deltakerane. Me måtte om Gardermoen og ta eit anna fly til Røros. Det er Widerø som har rute der. Då mange av oss ikkje hadde vore på Gardermoen var det greitt å få det med seg. Me var framme på Røros ca. kl. 11.00. Der er det bare ein liten og enkel flyplass, ein kommunal slik. Den ligg relativt nær sentrum, så drosjeturen dit var kort. Dermed var me framme i bergstaden, for det er jo på bergverksdrift Røros er grunnlagd.

Det var ein reinjeger som i 1642 oppdaga koparmalm, då reinen han hadde skote i sin døds-kamp sparka laus nokre steinar. Og frå 1644 i over 300 år til 1977 var Røros Kobberverk eit av dei største bergverka i landet. Verket hadde hand om det meste i heile lokalsamfunnet. Den totale produksjonen var 110.000 tonn kopar og 525.000 tonn svovelkis. Ikkje rart at avfallet, slagghaugen er stor, malmen inneheldt jo stort sett berre rundt 1 % kopar.

Me tok inn på "Bergstaden hotell". Det er eit gamalt



Foran hotellet: fv. Leif Vatnaland, Liv Vatnaland, Liv Birknes, Birger Lindanger, Jorunn Høie, Svein Ivar Langhelle, Solveig Ellingsen, Sigvart Våga, Målfrid Kro Trosnavåg og Olaug Hognaland.


hus, skal ha vore bustad for direktøren ved verket, og den svenske generalen. De la Borre skal og ha halde til der då han med sin armé inntok Røros i 1718. Men huset er fint modernisert, og det var godt å bu i. Etter ein liten tur på byen, der me såg oss om, handla gjerne litt og hadde litt mat, gjekk turen til den såkalla "Olavsgruva". I inngangen er også litt museum og historie. Turen dit var ca. 1. mil mot aust, og nå var me heilt på tregrensa og over, berre nakne forblesne fjellbjørk. I gruva var det 50 m. ned i bratte trapper og 500 m. innover. Ein må tenkja på dei som sleit her i den fyrste tid med svært enkelt utstyr.

Tilbake til hotellet, kvile og ordne oss litt, og så middag på "Vertshuset Røros", der hadde me det godt.

Johann Falkberget

På laurdag, fellestur til Rugeldalen, til Ratvollen, forfatteren Johann Falkberget sin buplass. Ein tur på ca. 2 mil mot nordvest. Me er fortsatt i Røros kommune, den er stor i utstrekning, over 40 gonger Bokn sitt areal.

På denne turen køyrde me over Glomma, som etter at den forlet Aursunden er vorten ei skikkeleg elv. Eit lite stykke er til og med på den andre sida av vannskiljet. I Rugeldalen renn vesle Rugla nordover mot Gaula. På Ratvollen hadde me flink anvisar, ei unggjente, og me fekk eit godt innblikk i Falkberget sitt liv og arbeid. Han har fyrst og fremst skildra bergmannslivet, slitet i gruvene, malmkøyring, dei utpinte gruvearbeiderane og fjellbønder. Her var han på heimebane, hadde sjølv arbeidd 20 år i gruva og var ætta frå bergverksfolk.




Svein Ivar, Liv, Sigvart og Olaug skal ned i gruva.

Men han har også skrive mangt anna, ca. 50 bøker. Kan hende er det mest kjende den vittige satiren "Børson". Han var også redaktør i tur og orden i 3 aviser. Var også stortingsmann i ein periode. Det var mange minneting samla i stova hans. Mest imponerende var tavla med alle dekorasjonane og medaljene. Det er nok ikkje mange, om nokon, som kan visa maken. Alt fra borgerdådsmedalja, som er den høgste utmerkinga i Noreg, og nedover. Han fekk diktarløn frå 1930 og æresløn frå 1963. Det var sterkt på tale at han skulle få Nobelsprisen i litteratur, det fekk han ikkje, noko mange vart svært skuffa over. Men der var ei innsamling til det som på folkemunne var kalla "Hjertenes Nobelpris", den vert på vel 160.000 kr, og overreikt på hans 70 års dag.

Kyrkja

Tilbake i sentrum rusla me litt rundt kvar for oss. Det var nok å sjå på: Slagghaugen, Smeltehytta, ei gamal stongvekt der dei vag malmlassa og mykje meir. Også byen i seg sjølv, det mest sermerkte og uvande der er kyrkja.



Den fyrste kyrkja, som stod mest på same staden vart bygd i 1650, rett etter at bergverk og bergstad var opprette. Etter kvart vart den for liten, og var også dårleg vedlikehalden, så den vart berre 130 år. Når det gjeld plassen vart ho endå mindre enn ho var på grunn av "- oppførte lukte Stole til de her i Sognet boende Fornemmes Benyttelse, til største Fornæmmel

se fur Bergalmuen der siden ikke uden Trængsel kunde finde Rum i Kirken".

Før 1650 var det inga kyrkje i området. Det var også svært lite folk.

I 1780 vart det bygd ny kyrkje, "til Guds Ære og Berstadens Ziir. Etter 4 års byggjetid vart den innvigd i august 1784. Det var interessant å gå rundt i kyrkja og sjå, og me hadde ein grei omvisar. Kyrkja er litt spesiell. Preikestolen er rett over alteret der me ellers gjerne finn ei altertavle. Over der igjen er orgelet. Der heng mange måleri av kjente personar. Galleri i to høgder er vel og litt uvanleg. Der er også ein flott kongelosje som aldri har vore brukt.

Kyrkja er stor med 1600 sitjeplasser. Diverre var der ikkje gudsteneste denne sundagen, ellers hadde det vore greit å fått det med seg.

Rørøsspelet

Laurdagskvelden var det framvisning av Rørøsspelet "Det brinner en eld". Det er eit historisk spel som handlar om då svenskekongen sin kurolinerher invaderte Trøndelag i 1718. Og om tilbaketoget då dei inntok bergstaden.

Det er ein fredsapell som skildrar krigens gru og kor meiningslaust det er. Det er mange som i lag med denne arbeen har lide mykje vondt p.g.av stormannsgalne kongar og keiserar. Men denne gongen var det reint ille. Over 3000 soldatar fraus i hel på heimvegen. Så langt me har evne til å døma om det, var det eit flott framført spel. Men veret var ikkje så bra, det var regn. Fram til då hadde me godt ver.

Om sundagen heldt det fram med regn. Kl. 13.00 bar det på heimveg. Flyet gjekk kl. 14.00. Då me kom så langt som til Mjøsa var det lettare ver, og me fekk ein fin utsikt over Hamar, Nes, Stange og Helgøya, fint landskap med mykje gulmogen kornåker.

Me fekk 3. timar på Gardermoen, greit å ha god tid ein gong. Og der var mangt å sjå, det passa og med litt mat.

Me har jo sett dei heimlege trakter her på Haugalandet frå lufta før og. Men denne gongen var det ekstra fint p.g.a. veret, speilblank sjø og fin kveldsol.

Turen var gild, men det var også godt å kome heim.

Temakveld om urter

Tysdag 4. september kjem Annemette Olsen frå Danmark. Ho vil snakke om krydderurtenes historie og bruk gjennom tidene.

Denne temakvelden vil Hagelaget og LHL samarbeide om.

Stad: Allrommet. Tid: kl. 19.30.
Alle velkomne!

Helsing Bokn hagelag og Bokn LHL

Urtekurs

5. september kl. 11-16 vil det bli arrangert kurs om blommar på menyen, historie og bruk.

Kurset vil bli halde på ungdomshuset i Førresfjorden.

Pris pr. deltakar kr. 250,-

Påmelding innan 30. august til Anne Lise, 52748638, eller Hilgunn, 51618292.

Nok et vellykka arrangement av speiderne

Kari N. Hetland

Lørdag 23. juni var det igjen speidernes tur til å arrangere St. Hans i Peraliå. Store og små var samlet denne lørdagskvelden.



Kjekt var det også å se at noen hadde tatt med seg slektingene som var på besøk. Været var på vår side så det ble ingen som fikk bruk for regntøy. Speiderne hadde nok en gang satt i stand med karusell, taubane og tent opp to store griller.

Pannekaker ble stekt i stekepanner på trestamme. Det var litt av en jobb for de som gjorde dette da det oser en del etter hvert som stammen brenner ned. Speidersjef Leif hadde kokt nydelig kakao, som ble øst ut av et melkepann når han serverte. For å holde dette varmt hadde han tørrhøy rundt spannet og dette igjen opp i en gråpapirsekk. Praten gikk livlig og barna sprang rundt på haugene og koste seg.

Etter ei stund tok Leif ordet. Han kunne fortelle at i år var det mindre folk med og sette i stand speiderarrangementet enn tidligere. Han etterlyste "mangel på morer" (morer = mødre) Mennene var i flertall i år.

Videre snakket han ut ifra Salme 139. Der kom han inn på at dårlig samvittighet er destruktive krefter. Gud vet alt om deg. Vi behøver ikke plages med dårlig samvittighet - be om tilgivelse så får du fred. Gud er glad i deg for den du er,

avsluttet Leif.

Speiderne gjør en flott jobb i Peraliå hvert eneste år. Det er et arrangement som er vel verdt å ta vare på. Har du lyst til å være med så ta gjerne kontakt.

Lag og organisasjoner har gratis spalteplass i Bygdabladet. Digitalt kamera kan lånest på kulturkontoret, og alle kan ta bilder med det. Papirbilder kan også skannast inn og brukast. Tekst og bilder kan sendast på e-post, eller leverast i papirform.

Det er enklare å laga til enn du trur. Hugs at den oppsøkande journalistikk-ressursen til Bygdabladet er svært begrensa.


Gjesteboka for Boknafjellet

No er det kome ei ny bok oppe på fjellet, så det er berre å gå på!!

Gjesteboka, som dåverande ordførar Sigrunn Hole Hosaas lå opp i postkassen på toppen av fjellet 1. juni 1999, ligg no i fjernarkivet på Boknatun, temmeleg utskrive og slitt.

Etter ein tellerunde kan Bygdabladet presentera fylgjande imponerende tal:

Frå 01.06.99 - 31.12.99	1147 personar
Frå 01.01.00 - 31.12.00	1571 personar
Frå 04.01.01 - 12.08.01	1139 personar
Mange spreke i Bokn	3857 personar



Ny mann har overtatt drifta på Arskroen

Reidar Alvestad

Ny drift frå august

Det har ei tid vore på tale at tidlegare innehavar av Arskroen, Finn Drange, ville avslutta drifta ved Arskroen kafe- og selskapslokaler. Og frå 1. august i år overtok Leif Hansen drifta av dette etablissementet. Leif Hansen er tilsett ved Boknafjorden ferjeselskap, og skal halda fram i denne jobben. Han har difor fått med seg dottera Nina Hansen og sambuaren hennar Lars Jacob Hausken til å stå for den daglege drifta. I tillegg vil dei leiga inn andre arbeidstakarar etter behov.



Leif Hansen utanfor inngangen til venterom/kafe på Arsvågen.

Satsing på 2. etasje

I kafeen i tilknytning til venterommet i 1. etasje vil drifta stort sett gå som før, men med litt endring i opningstidene.

Når det gjeld selskapsokala i 2. etasje, vil Leif Hansen prøva å få litt meir aktivitet enn før. Lokalet er sjølv sagt framleis tilgjengeleg til alle slags private arrangement som feiring av fødselsdagar, konfirmasjonar, bryllup og andre ting. Det ligg også greit til rette for bedrifter, og for det offentlege om dei treng møterom med eller utan servering. For lag og organisasjonar ligg det geografisk godt til rette i skjæringa mellom nord- og sørfylket.



Lokala i 2. etasje var ikkje klare for avfotografering under Bygdabladet sitt besøk. Her frå kafeen i 1. etasje som vil få tilsvarende drift som i dag med litt endra opningstider.

Dei vil også prøva å driva med opningstider på lørdagskveldar i 2. etasje. I tillegg vil dei ha ope for middagsservering 1. søndagen kvar mnd. Dei vil også driva catering med levering av smørbrød og koldtbord.

Krav for å kunna driva servering og alkoholskjenking

Det er ikkje lengre berre å starta opp ei serveringsbedrift utan beståtte prøvar både i det eine og det andre. For det første må ein bestå den såkalla Etablererprøven. Dette er inngangsbilletten for å driva ei serveringsbedrift, sjølv om du ikkje skal skjenka alkoholhaldig drikk. Dersom du i tillegg skal ha skjenkeløyve, må du bestå ein kunnskapsprøve i alkohollova. For at eit skifte mellom to eigarar skal kunna gå greit, gir lova høve til å driva på det forrige løyvet i inntil 3



Kafedelen er tidsmessig og praktisk tilrettelagd for effektiv ekspedering av kundar. Røykerommet i enden er heilt adskilt frå resten av kafeen med glasvegg.

mnd. Innan denne tida må prøvene vera bestått for å kunna driva vidare. Det er kommunen som etter søknad gir løyve både for servering og skjenking av alkoholhaldig drikk.

Ser positivt på framtida

Den tidlegare styraren av Arskroen har drive denne i 10 år. Det var nok mange reisande som sette seg ned i lengre tid i førstninga då ferjene brukte 50 minutt på turen frå Arsvågen til Mekjarvik. Nå har turen over fjorden i mange år tatt 25 minutt etter at Mortavika var ferdig, og det er sett inn 3 ferjer i store periodar av døgnet. Med så kort ventetid på neste ferje, må tida for ferdigstilling av ei matbestilling gå fort. Hurtigmat er svaret, og dette vil dei satsa på vidare når det gjeld hastige ferjepassasjerar.

Men talet på bilar og passasjerar slår stadig nye rekordar, og det er periodar i helger og tidleg/seint på døgnet kor det berre går 2 ferjer. Då har ferjepassasjerane betre tid til å stikka innom kafeen.

Elles er lokala sentrale og lett tilgjengelege, med tilpassing for funksjonshemma både oppe og nede. Det betyr at det også er lett tilgang både for vaksne med vognar og om det er eldre som er litt skrøpelege i beina.

Rekordomsetning for enkeltdag

Søndag den 12. august hadde den nye eigaren av Arskroen førebudd seg ekstra godt med ei bemanning på fem personar og store lager for å kunna ta unna den trafikken som erfaringsmessig går på sør etter Sildajazzen i Haugesund.

Frå kl. 12.00 og utover til kl. 23.00 var det store køar av bilar som venta på å koma over fjorden, med inntil 2

timars ventetid. Men på grunn av gode førebuingar med innkjøp og bemanning, greidde dei å halda det gåande så lenge det var køar, og gjekk ikkje tome for varer.

Omsetninga denne dagen var 10% høgare enn nokon stordag sidan Rennfast opna, og hadde køane starta eit par timar tidlegare, så spørst det om varelageret hadde gått tomt for visse vareslag.

Akseptering

- til ettertanke -

Redigert artikkel fra "Language of the Heart"

En måte å få noen mening i begrepet å akseptere er å meditere på det i sammenheng med ofte benyttede Sinnsrøbb: "Gud gi meg en slik sinnsro at jeg formår å godta de ting jeg ikke kan forandre. Mot til å forandre de ting jeg kan. Og forstand til å se forskjellen.

I hovedsaken er dette å be om å bli velsignet med en kraft til å møte alle situasjoner med en åndelig styrke. Det som så sterkt understrekes i denne vidunderlige bønne, er behovet for å forstå forskjell mellom det mulige og det umulige. Vi vil også innse at livets mangfold av smerte og problemer vil trenge mange forskjellige grader av akseptering når vi prøver å anvende dette prinsippet.

Noen ganger må vi finne den rette form for akseptering for hver dag. Andre ganger trenger vi å utvirke en akseptering for det som kan komme til å hende i morgen. Og videre, kan vi komme til å akseptere et forhold som ikke vil endre seg. Da også vil det ofte bli en riktig og realistisk akseptering av alvorlige svakheter inne i oss selv eller dem rundt oss – svakheter som kanskje ikke kan bli rettet opp på flere år, hvis noen sinne i det hele tatt.

Vi vil alle komme til å gjøre feil, noen vi kan rette opp igjen og andre ikke. Vi skal ofte lide nederlag, noen ganger ved en tilfeldighet, noen ganger selvforskyldt og atter andre ganger rammet oss ved urettferdighet og brutalitet fra andre mennesker. De fleste av oss vil kunne vise til noen grad av suksess i livet og her blir det virkelig vanskelig å finne den rette form for erkjennelse. Så har vi sykdom og død. Hvordan skal vi virkelig bli istand til å akseptere disse?

Det er alltid nyttig å tenke over hvor ofte det gode begrepet akseptering kan bli misbrukt. Det kan bli flettet inn for å rettferdiggjøre nesten alle former for svakhet og gale ting. Vi kan, for eksempel, "akseptere" det å gjøre feiltrinn som en kronisk tilstand, på godt og vondt. Vi kan "akseptere" sosial suksess med stolthet, som noe vi har klart alene. Vi kan også "akseptere" sykdom og død som et slags bevis på et brutalt og gudløst univers. Vi har stor erfaring med slike forvridninger av "akseptering". Derfor prøver vi stadig å minne oss selv på at utskielser med bruk av "akseptering" bare er klisjeer for å unskyldte oss. Et tapende spill hvor vi er, eller i hvert fall har vært verdensmestre. Derfor verdsetter vi Sinnsro-

bønne så høyt. Den bringer nytt lys som kan bryte opp vår gamle og nesten fatale vane med å narre oss selv. Innenfor rammen av denne bønne ser vi at motgang og tilbakeslag, som vi med rette aksepterer, ikke trenger å være noen katastrofe. Vi vet nå at vi ikke trenger å flykte eller forsøke å komme unna motgang med enda et eller annet krafttak, som bare vil skyve problemene foran oss raskere enn de kan bli tatt bort.

Vi kan få fordelen av en helt annerledes erfaring. Vår nye måte å leve på er, bokstavelig talt, basert på den anbefalingen at "alene er vi ingen ting, vår Far gjør arbeidet". Vi kom til å tro at en Makt større enn oss selv kunne bringe oss tilbake til sunn fornuft". Vi hadde ikke selv mer krefter til å takle situasjonen, så da aksepterte vi det videre faktum at avhengighet av en Høyere Makt (som ikke nødvendigvis trenger å være Gud, men at vi tror det er en Makt/Kraft større enn oss selv) kunne klare den hittil så umulige jobben. I det øyeblikket vi ble istand til fullt å akseptere dette faktumet, hadde frigivelsen begynt. For de fleste av oss hadde denne erkjennelsen krevd en stor innsats for å lykkes. Dette var ikke blitt gjort med gammeldags viljestyrke, det var i stedet et spørsmål om villighet til å akseptere disse nye levereglene. Vi løp ikke bort eller kjempet.

Men akseptere gjorde vi. Og så ble vi fri. Det hadde ikke skjedd noen ubotelig katastrofe.

Men, når vi trekker disse holdningene inn i våre følelsemessige problemer, finner vi ut at det bare er mulig å oppnå begrensede resultater.

Ingen kan, for eksempel, bli helt fri for frykt, sinne eller stolthet. Derfor vil vi i dette livet ikke oppnå noe slikt som perfekt ydmykhet og kjærlighet. Så vi må nøye oss med en gradvis løsning av våre problemer, noen ganger avbrutt av kraftige tilbakeslag. Vår gamle innstilling om "alt eller ingenting" må avvikles.


Derfor er vårt første problem å akseptere vår nåværende situasjon som den er, oss selv som vi er og menneskene rundt oss som de er. Dette betyr at vi må vise en realistisk ydmykhet som er nødvendig for å komme videre. Igjen og igjen trenger vi å gå tilbake til utgangspunktet. Dette er en form for øvelse i akseptering som vi kan foreta hver dag så lenge vi

- framhald s. 19 -



Kyrkjebygd kultur & aktivitetshus blir oppussa


av Lars Morten Kro



Den gamle barnehagen ved siden av kirken, har blitt "Kyrkjebygd kultur & aktivitetshus". I denne males og pusses det, i friske farger. Planene for hva bygget skal brukes til står klare. Det kommer til å skje mye her i fremtiden.

Ved siden av kirken ligger det et rødt bygg, som i alle år har vært en barnehage. Nå er, som alle burde vite, en ny barnehage bygget ved Boknaton. Dette gjorde den gamle ledig, og etter hvert fikk det navnet "Kyrkjebygd kultur & aktivitetshus".

Det er fritidsklubben Petra, som tidligere har hatt kje l- leren og noe i tredje etasje, som skal bruke mestepa r- ten av plassen. I kjelleren skal det være diskotek, som det alltid har vært, i tillegg til at Pluggen Moto r- klubb har noe plass der. I andre etasje har Petra alt,



Dette er det største rommet i andre etasje. Den nye fargen er grønn. Dette er et rom som kan brukes til mye forskjellig.



Dette er fra et lite rom i andre etasje. Her er planen at det skal vises film. Fargen er ROSA!!

men det er åpent for at lag og organisasjoner kan ha møter, samlinger og arrangementer der. Lokalene kan også leies av alle. Det er kunst og håndarbeide som er prioritert i den øverste etasjen. Vevstov a har tidligere hatt en del av loftet, men nå kommer det i tillegg til å være lagt til rette for husflid i hele etasjen. Det kommer til å bli utstillinger og alt mulig forskjellig håndarbeide og kunst.

Til nå har oppussingen for det meste dreid seg om maling, men det skal også kjøpes inn diverse varer for å gjøre det koselig der inne. Med alle de tre et a-

sjene, blir bygget et allsidig bygg, med mange muli g- heter, og som mange kan bruke til forskjellige ting. Det dekker det meste av det behovet Bokn har når det gjelder kultur og ungdom.

Fremtidsutsiktene er lyse for ungdommene i komm u- nen nå. Med et helt bygg kan ting lettere arrangeres og de har et sted de kan samles. Aktivitetene er fle r- foldige, så det blir ikke så altfor vanskelig å ha ei kjekk stund i lag. Dette tiltaket viser bare at Bokn kommune virkelig ofrer noe for at unge skal trives. Det er positivt!



Dette rommet ble rensket for all veggpryd! Rommet skal bli blått.

KULTURKALENDEREN

AUGUST

- 25.: Distanseritt på Ognøy – arr. BORK
- 25.: Klubbkveld for ungdom
- 24.-
- 26.: Speidartroppstur – seiltur med M/S Elida
- 26.: Bedehuset sin dag, kl. 13.00 - **sjå s. 31**
- 27.: Grunnkurs i førstehjelp, Allrommet kl. 17.00 - arr. Bokn Røde Kors
- 28.: Sjømannsmisjonskveld for Tysvær Prestegjeld kl. 19.00 på Bokn Bedehus
- 30.: Bokn pensjonistforening

SEPTEMBER

- 02.: Gudsteneste kl. 11.00 – Misjonssøndagen
- 05.: Temakveld: Urter – Krydderurtenes historie og bruk gjennom tidene v/Anne Mette Olesen, Allrommet kl.19.30. Arr. Bokn Hagelag
- 06.: Bingo på skulen, arr. Bokn Musikkorps
- 09.: Bokn Sundagsskule – Bokn Bedehus kl. 10.30
- 09.: NMS har fest kl. 19.00 på Bokn Bedehus
- 12.: Normisjonen har utlodning kl. 19.00 på Bokn Bedehus
- 16.: Gudsteneste kl. 11.00 – Presentasjon av 50-årskonfirmantane
- 21.: Irsk aften på Sjøhuset – arr. BIL. Forhåndssal av billetter på Alvestadkroken Landhandel. Ikkje bestilling, kun kontant.
- 22.-
- 23.: Seminar for vaksenkorpsset på Bokn skule – arr. Bokn Musikkorps
- 23.: Gudsteneste kl. 15.00 – Hausttakkefest
- 27.: Bokn pensjonistforening
- 28.-
- 29.: Ulv/meise-tur til Rønningen arr. 1. KFUM/Bokn 1.KFUK
- 28.-
- 30.: Seminar for juniorkorpsset i Kopervik - arr. Bokn Musikkorps
- 29.: Klubbkveld for ungdom
- 30.: Bokn Sundagsskule – Bokn Bedehus kl. 10.30
- 30.: Blå Kors/ABR-senteret-møte kl. 19.30 - Bokn Bedehus

OKTOBER

- 03.: Den Indre Sjømannsmisjonen har basar kl. 19.30 på Bokn Bedehus
- 07.: Bokn Sundagsskule – Bokn Bedehus kl. 10.30
- 07.: Konsert på Bokn skule kl. 15.00 – arr. Bokn Musik korps
- 07.: Wenche og Tor Ove Haga viser lysbileter frå tida i misjonen kl. 19.30 på Bokn Bedehus
- 10.: Israelmisjonen har møte kl. 19.30 på Bokn Bedehus
- 11.: Bingo på skulen - arr. BIL
- 12.: Kontaktmøte på bedehuset kl. 19.30
- 14.: Gudsteneste kl. 11.00 – Soknerådssal
- 17.: Bokn Hagelag,-årsmøte, allrommet kl 19.30
- 19.: Bedehusbasaren kl 19.30 på Bokn Bedehus
- 20.: Klubbkveld for ungdom
- 21.: Bokn Sundagsskule – Bokn Bedehus kl. 10.30
- 23.: Visitasfest kl. 19.00 på Bokn Bedehus
- 25.: Bokn pensjonistforening
- 27.: Auksjon på Bokn skule – arr. Bokn Musikkorps
- 27.: Dans – arr. BIL
- 28.: Bispevisitas i Akسدal Kyrkje
- 30.: Opptak av nye meiser og ulveunger. arr. 1.Bokn KFUM/Bokn 1. KFUK

NOVEMBER

- 02.-
- 04.: Speidartroppstur til Vigdarheim

- 04.: Gudsteneste kl. 11.00
- 06.: Opptak av nye speidarar arr. 1Bokn KFUM7Bokn 1. KFUK
- 08.: Bingo – arr. BIL
- 09.: Kulturkveld frå Per Sivle sitt liv, kl. 19.00 - Bokn Bedehus

10.-

- 11.: Seminar, Juniorkorpsset - arr. Bokn Musikkorps**
- 11.: Bokn Sundagsskule – Bokn Bedehus kl. 10.30
- 11.: NMS har møte kl. 19.30 på Bokn Bedehus
- 18.: Gudsteneste kl. 15.00 – Fireårsbok
- 23.: Sjømannsmisjonskveld kl. 19.00 - Bokn Bedehus
- 24.: Klubbkveld for ungdom
- 25.: Bokn Sundagsskule – Bokn Bedehus kl. 10.30
- 28.: Adventverksted, allrommet kl. 19.30. Arr. Bokn Hagelag
- 29.: Bokn pensjonistforening
- 30.: Blå Kors/ABR-senteret har møte kl.19.30 på Bokn Bedehus

DESEMBER

- 02.: Julemesse på Arskroen
- 02.: Julegranstenning/fakkeltog, start i gymsalen kl. 16.30 Arr. Røde Kors, Musikkorpsset og Speidarane
- 02.: Lysmesse i Bokn Kyrkje kl. 19.00 arr. 1.Bokn KFUM/Bokn 1.KFUK
- 04.: Juleavslutning for speidarane og Ulv/Meis arr. 1. Bokn KFUM/Bokn 1. KFUK
- 05.: Normisjonen har møte kl. 19.30 på Bokn Bedehus
- 09.: Luciafest på Bokn skule – arr. Bokn Musikkorps
- 11.: Juleverkstad, allrommet kl.19.30. Arr. Bokn Hagelag
- 13.: Madagaskarkveld – Karen Hetland syner film og fortel kl. 19.00 på Bokn Bedehus
- 16.: Gudsteneste kl. 11.00
- 16.: Juletefest – Sundagsskulen kl 15.00 – Bokn Bedehus
- 24.: Gudsteneste kl. 14.00
- 26.: Gudsteneste kl. 11.00
- 27.: Juletefest – Bedehuset
- 29.: Juletefest – Frelsesarmeen
- 31.: Gudsteneste kl. 16.00

- framhald frå s. 19 -

har fått av tidligere lidelser – lidelser som har ført til den velsignelse jeg nå gleder meg over. Jeg kan huske, hvis jeg tenker over det, hvordan pinen med tapt stolthet, ofte hadde ledet meg til Guds velsignelse og videre til en ny frihet. Så, mens jeg går videre, repeterer jeg de andre slagordene, som for eksempel:

"Lidelse er en tryllesten for videre utvikling"
"Frykt ikke det vonde"
"Dette vil også gå over"
"Denne erfaringen kan bli vendt til det gode for deg"

Disse utdrag fra bønnen bringer meg mye mer enn bare tilfredshet. De holder meg på sporet av riktig akseptering, de bryter opp mine uimotståelige følelser av skyld, depresjon, opprør og stolthet, og noen ganger bygger de meg opp med mot til å forandre de ting jeg kan, og forstand til å se forskjellen.

Til dem som aldri har gitt disse fruktbare øvelser i å akseptere en real "work-out", anbefaler jeg å prøve dem neste gang det brenner.

Eller, for den saks skyld, når som helst.

- slutt -



Lars Øyvind Brekke
- best i Norge!
- best i Europa?

av Lars Morten Kro



Som tiåring fikk han seg en hest, som han lærte han seg å ri på. Flere år etterpå, nærmere bestemt 1996, begynte han med distanseridning. Nå er han norgesmester, og i september er det EM i Italia.

Distanseridning og BORK

Lars Øyvind Brekke er en av mange BORK-medlemmer som ikke bor i Bokn. Det er disse hesteklubbløse tysværbuene, som søker ut til øyene. Men det kan Bokn være glad for, for de kan si at "nå har vi en norgesmester i rideklubben vår!" Tidligere har han vunnet NM i lagritt, men det er første gangen han vinner den individuelle distanseridningen.

Da han fikk hest som 10-12 åring, "tutla" han bare rundt på gården, men i 1996, da han begynte med distanseridning, ble det mer alvorlig. Grunnen til at han begynte med akkurat den disiplinen, var fordi han hadde en hest som egnet seg best til det. En annen ting, er også at en slipper å investere i dyre dommer for å kunne konkurrere. Fordelen med distanseridning er at du får være ute i naturen.

Det som er særegent med distanseridning er tid. Det tar veldig lang tid, og en må sitte på hesteryggen i mange mil. Brekke brukte sju timer på det 12 mil lange løpet. Det er mye som kan gå galt på den lange tiden, men han sier til Bygdabladet at han bare blir mer ivrig jo nærmere mål han kommer.

Lars Øyvind Brekke er som sagt medlem i Bokn Ride- og Kjøreklubb. Det er ikke hesteklubb i Tysvær, så han valgte den som var nærmest. Hvorfor han i det hele tatt er med i en klubb, er som han sier:



Lars Øyvind kom på andreplass på Distanserittet på Ognøy 2000.

- Av samme grunn som en frimerkesamler er med i en frimerkeklubb.

Nordisk mesterskap og EM i Italia

Han har vunnet både individuelt NM og NM for lag, men han gir seg ikke der. Nå er det først nordisk mesterskap i august, og i september blir det EM. Årets europamesterskap vil foregå i Italia. Brekke sier at arrangementet blir omtrent likt et vanlig distanseritt, bare mye større. Blant annet vil arrangørene leie en hel campingplass! Forventningene hans er å klare å gjennomføre løpet. Tross alt så er et 16 mil langt løp på en hesterygg, ganske så slitsomt både for hest og rytter!

Til slutt er det bare å gratulere Lars Øyvind Brekke med NM-seieren, og ønske han lykke til utenlands!



Fortsettelse på drømmen om "Boknadagen på Jæren"

Bokn Bygdeblad kontaktet Oddbjørg Borgenvik Øye, og stilte et par spørsmål om det prosjektet hun har startet. Da hun satte inn annonsen i Jærbladet, ble hun overaska da både Jærbladet skrev artikkel om det, og NRK Rogaland intervjuet henne på radioen.

Da ni meldte seg, innrømmer hun at det var hun fornøyd med, siden det viste seg at det ikke var flere boknere å oppdrive i Klepp. De fem av i alt ni som var med på samlingen var i alder fra voksen alder, og opp til 78 år.

Det stod i forrige nummer av Bokn Bygdeblad, at

Oddbjørg ville utvide til kommunene rundt Klepp. Altså heile Jæren. Så bra med rekruttering av folk var det ikke der, slik som det var i Klepp. Det har ennå ikke meldt seg noen. Dette er synd, for initiativet Øye har tatt er bra!

Meningen med "Boknadagen", er at alle som har bodd i Bokn, og som nå bor på Jæren, kan komme sammen å snakke om gamle minner. Oddbjørg tilføyer også at eventuelle ektefeller var hjertelig velkommen til å være med, selv om de ikke hadde noe med Bokn å gjøre.

Dersom folk interesserer seg for dette, og virkelig blir med, håper Øye at det vil bli en dag folk gleder seg til å delta på, og som kan være en årlig tradisjon for utflytta boknere.

Med dette er det bare å ønske Oddbjørg Borgenvik Øye lykke til med det flotte initiativet hun har startet! Lykke til videre!

Min nye gamle ven

Han har venta lenge på meg. Stått tru-
fast innom gardsleet, høgreist,
stolt og mektig.

Ein sus i lufta frå han her ein kveld, lik-
som kviskra til meg:

"Gi deg litt tid jenta mi, sjå på meg, bli
glad i meg,

eg har så mykje eg ville ha sagt deg."

Nå har eg litt tid, ja rikeleg med tid, kan
bruka ho som eg vil.

Eg er blitt "gamale", kjenner livet frå dei
mange sider.

Det gjer du og, kjære "Asjen", Du heitte
det.

Kvar morgon når eg står opp, går eg til
nora lemgaset, ser ut,
der står du.

Lyfter dei sterke greinene dine oppover
mot himmelen og lyset,
utover mot det levande livet som lever på
bø og tun.

Greinene dine med dei mange sår etter sy-
dosten og nordvesten,
samt mannen med saga, på jakt etter kvei-
kjeved til varme
for seg og alle sine.

Dei fortel meg om sår, om motgang, men
ikkje motløyse.

Nye spirer frå såra fortel at du endå har
sevje i kroppen til nytt liv.
Heilt nederst, ved den mektige stamma di,
strever nokre tynne spirer.

Kva strever dei etter, dei ser så små og us-
sale ut, trur vel dei

skal føra livet og arta vidare.

Det er langt, langt fram å nå opp til det
mektige tuntreet "Asjen".

De må kanskje bukke under i kampen om
retten til å leva.

Nå kjære, kjære "Asjen". Du har eit

djupt, stort sår,

skal tru om det vert banen din.

Merkeleg, inne i det store, vonde såret, ligg
den finaste,

fløyelsmjuke molda. Livssyklusen:

Av jord er du komen, til jord skal du verta.

Eg har sete og lytta til deg kjære "Asjen".

Sete i godstolen innom nora gaset i skym-
ringa når det kveldar,
det mørknar.

Så vakker eit livsmønster du teiknar mot
himmelen.

Djup blå kveldshimmel, bakgrunn for grei-
ner og bladverk

teiknar det vakre mønster, det er levande
kunst.

Vakrast av alt er himmel ved solnedgang,
når den og du

"Asjen" spelar opp til den finaste farge-
symfoni, som gjer ein

gamal tilskodar så inderleg godt i sjel og
sinn.

Du er blitt "gamale" du og, eldgamale,
mange hundre år seiest det. Men grøn vert
du i år og.

*Snau og naken stod du lenge etter alle
andre trær stod i finaste
vårdrakt. Trudde mest at det feilte
deg noko.*


Men nei.

*Du livna til og vart så lauvrik og
vakker som aldri før.*

*Så stå du der bergfast innom
gardsleet, helsar ættene som går,
og ættene som kjem.*

*Lyft opp auga, sjå på meg,
bli glad i meg,
eg er tuntreet,
lar storm og stilla gi sitt svar, alt
etter som dei fyller dagen.*

*Nå er det seinhaust for meg og
deg. Vonar eg skal få gle meg saman
med deg endå ei stund,
i godstolen innom glaset når skym-
ringa og kveldsmørket kjem,
og kvelden går over til natt.*



- framhald frå s. 14 -

lever. Hvis vi anstrenger oss for ikke å snu disse realistiske tilbakeblikk over livets realiteter om til urealistiske alibier for apati eller nederlag, kan de bli et sikkert grunnlag for mental helse og åndelig fremgang. Dette er i hvert fall min erfaring.

En annen øvelse jeg gjør er å forsøke å lage en fullstendig oversikt over de tingene jeg er velsignet med og så akseptere de mange fordeler jeg har – både jordiske og åndelige. Her prøver jeg å oppnå en følelse av glad takknemlighet. Når en slik blanding av takknemlighet gjentagne ganger er hamret inn, kan den til slutt erstatte den naturlige trangten til å gratulere meg selv for en hvilken som helst fremgang jeg har klart på et eller annet område. Jeg prøver å holde hardt fast ved den sannheten at et fullt og takknemlig hjerte ikke kan ha plass for altfor stor selvfølelse.

Når vi strømmer over av takknemlighet, vil hjerteslagene bestemt føre til utadvendt kjærlighet – den fineste følelse vi kan ha.

I tider med harde påkjenninger kan den takknemlige

akseptering av mine gledelige ting, når jeg stadig tar dem frem, også gi meg slik sinnsro som bønneren vår taler om. Hver gang jeg kommer under akutt press, forlenger jeg mine daglige spaserturer og repeterer Sinnsrobønneren i takt med fottrinnene og pusten. Hvis jeg føler at smerten min delvis er forårsaket av andre, prøver jeg å gjenta, "Gud gi meg sinnsro til å elske deres gode sidere og aldri frykte deres verste". Denne vennlige prosessen ved å repetere, og som det noen ganger er nødvendig å holde på med i flere dager, kan sjelden slått feil i å få meg tilbake i noenlunde følelsesmessig balanse og optimisme.

Et annet nyttig skritt er å stadig slå fast den forståelse en lidelse kan frembringe. Lidelse er i virkeligheten en av våre største læremestre. Selv om jeg fremdeles finner det vanskelig å akseptere de lidelser og bekymringer jeg føler i dag med noen særlig grad av sinnsro, - slik som de som har et mer fremskredet åndelig liv ser ut til å klare, kan jeg likevel, hvis jeg prøver hardt, takke for lidelsen. Jeg finner villigheten til å gjøre dette ved å tenke over den lærdommen jeg

- framhald s. 16 -



A-laget - på trening -

av Lars Morten Kro



Å være med å se A-laget trene, er ikke som andre treninger. Fra begynnelse til slutt er det fullt kjø, og slitne som de er, klare de likevel å spy ut en morsom replikk og to. Oppvarminga, spilling eller utstrekking. Alle deltar, og gjør jobben.

Det er innslag fra 17 åringer, til og med nærmere 40, som gjør spillet mer variert og innholdsrikt. Det som en ser alt fra starten av, er at de som er større og mer erfarne, gir råd til de ferske på området. Dette er en positiv egenskap som en ikke ser alle steder.

Kjetil Hamre, den allsidige dikteren og sportsidioten, er med som hjelpetrener. Han er med på å gjøre selve treningen til en morsom affære. Særlig når han kommer med en av sine mange replikker. Men det er også treneregenskaper som bryter fram, når han ser noe som burde vært gjort annerledes.

Det er et faktum at kamper er mer gøy enn treninger. Ofte hender det at det er svært få som kommer på trening. Noe har med jobbing å gjøre, men ikke alt. Men heldigvis er det folk som stiller opp på kampene. De fleste gangene har de nok spillere til å ha fullt lag. Det pleier å være fra 11 til 16 spillere på kampene.

Trenere som bare sitter å kjefter å smeller, uten selv å



rikke enn finger, er vanskelig å ha respekt for. Men en trener som er med å spiller, er hyggelig med laget og som i tillegg gjør trenerjobben, er en god trener! Roy Tjøsvoll er slik. spiller med laget, og er trener på samme tid. Det er bra!

Det virker som A-laget har en viss opptur, sånn spiller-messig. Ønsker bare lykke til, og håper de klarer å holde seg i 6. divisjon.

Motivasjon førte til ny sveis!

Alle kjenner til Kjetil Hamre, enten for diktene han har skrevet, eller fordi de har sett en med det lange håret. For de som har sett han på den sistnevnte måten, er det en oppdatering her:



Den selvutnevnte "racer"-klipperen er Roy Tjøsvoll. Se forskjellen på før og etter!!

Nå er det sikkert noen som tenker: "Hvorfor i all verden gjorde han det??"

Historien bak det hele var at Hamre henvendte seg til en kamerat i Italia, for å spør om råd for å motivere A-laget til seier. På spøk svarte han at han kunne si at de kunne få klippe han, dersom de vant en kamp. Dette sa Kjetil på neste trening, og alle likte den ideen. Så i siste kamp før sommerferien, vant de over Vedavågen 2! Over ser du det som skjedde etter treningen 26.06.01!!

Med dette kan en trygt si at det er komt en ny "Biker-Jens" til Bokn. En salig blanding av Harley-mannen og en viss Trond fra Big Brother! Egentlig burde han si "Ingen av dere er mine venner" til de fotballspillende frisørerne, men han tar det med et smil, selv om han angrer!!

Han sier selv at han aldri har kunnet "heade" en ball, så nå, når hodet ser ut som en, er det kanskje på tide å lære??

Trener Roy Tjøsvoll fikk virkelig sving på klipperen! Man kan se ut fra bildet at overnevnte har klippet sauer før.

Bruamarsjen

- mye nytt -

av Lars Morten Kro


I år var det ellefte gangen "Bruamarsjen" gikk av stabelen. Dette året ble ikke noe løp arrangert, men i stedet for en hel del andre ting.

Været var i typisk vestlandsstil, noe som kan være en av grunnene til det var mindre folk som deltok i år. Det ble satt opp en ny løype som gikk opp til Boknafjellet. For de som gikk den, var ikke utsikten noe å klage på i alle fall!!!

Hvert år, i nå elleve somre, har Bokn idrettslag arrangert den såkalte "Bruamarsjen". Den er blitt særdeles populær, og mange har gått hver eneste gang. I fra begynnelsen var det slik at det var marsj, der alle som gjennomførte fikk en medalje, og senere på dagen var det løp. Nå er det ikke flere løp, og de ti forskjellige medaljene er, for de som har gått alle gangene, tatt. Pr. i dag er det bare å begynne å ta alle på ny. Dette virker litt rart, men sånn er det.

Siden løpet har gått ut, må nye forfriskninger settes inn for at folk fortsatt vil komme denne ene dagen hvert år. I følge Kjetil Hamre, som sitter i Idrettslaget sitt styre, ønsker de at denne dagen skal være en dag for familien, der alle som en, uansett alder kan være med ha det gøy! Det skal være flere valgfrie aktiviteter, der trim og moro teller like mye. For å mangfoldiggjøre arrangementet, skulle andre lag- og organisasjoner settes inn i bildet. Tidligere har løypene blitt forandret, men i år skulle den ene løypa bli satt opp til Boknafjellet. Det som var så spesielt med denne, var at utsikten ville bli bedre, løypen hardere, og de som gjennomførte ville i tillegg til medaljen, få en diplom.

Den 1. juli 2001 ble den ellefte "bruamarsjen" avviklet. Dagen begynte med skodde og enkelte regnbyger, men det letta utover dagen. Dette var alt i alt en kjekk dag for de fleste. BORK stilte med barneridning, og Pluggen Motorklubb viste sine kunnskaper på motor-




Nedenfor: I år som i fjor! Folk samlet seg rundt bordene, for å spise, drikke og slå av en prat. Selv om en ikke kunne skryte av været, var det bra med folk.



Til venstre: Noe som ikke har forandret seg, er grilling og salg av laks. Pølser i brød, is og brus var blant de andre delikatessene folk kunne fråse i etter en lang marsj på Bokn.

Nedenfor: Her er en av 12 stk. som tok ferdighetsmerket, noe som var for alle opp til 12 år.




drevne sykler. Den "nye" brannbilen var der, til glede for mange kjøretøyentusiaster, og grilla laks var klar for å spises.

Årets arrangement hadde mindre deltakere enn før, totalt 125 stk., derav gikk 26 stk. til Boknafjellet. Årets deltakertall var omtrent halvparten av hva det har vært før. Det kan være flere årsaker til at dette har skjedd. Været er en ting. For de som har gått hver gang, er det ikke gøy å begynne å ta medaljene på ny! Noe som er veldig sannsynlig, er at alle de som kom for å springe i løpet, hadde med seg familie. Disse gikk sannsynligvis marsjen, og nå som løpet er ute av verden, kommer ikke disse lenger. Så for å få flere til å komme, har idrettslaget kommet fram til at det må nytenking til. I stedet for bare marsj, vil flere ting skje, slik som ridning og trial-kjøring. Og dersom dette slår an, vil de utvide til enda mer forskjellig gøy! Vi ser med spenning framover til neste "bruamarsj", og håper at marsjen på ny kan bli en marsj for distriktet!

Lederen i BIL, Rita Jensen, vil takke sponsorene "Loden Laks", "Bama", Bjørn Lindanger og Statens Vegvesen, og alle frivillige!

Hun minner også om BIL's webadresse:

www.n3sport.no/il/bokn



Til venstre: Den nye løypa opp til Boknafjellet ble godt mottatt, og etter att skodda hadde letta, var utsikten strålende!

Til høyre: BORK var også med denne dagen. Noe som de minste satte stor pris på!



3000 timar i dugnad for M/K "Andholmen"


Reidar Alvestad

Ved det gamle båtbyggeriet

Ein dag før ferien traff eg Olav Øvrebø nede ved sjøen og det gamle tidlegare båtbyggeriet kor far hans – Albert Øvrebø – bygde mange trebåtar for ein god del år sidan. Det ligg rett sør for brua på Austre Bogn der Olav bur.

Ein annan sambygding hadde tipsa Bygdabladet om at me måtte ta bilete av eit styrehus som Olav hadde restaurert.

Og etter avtale fekk me koma heim til Olav, og fekk heile historia om fartøyet og stiftelsen M/K "Andholmen".



Olav Øvrebø framfor det ferdig restaurerte styrehuset som skal monterast på M/K "Andholmen".

Stiftelsen "Andholmen"

Olav som tidlegare arbeidde i Forsvaret på Ulsnes utanfor Stavanger, er nå med i styret for stiftelsen "Andholmen".

"Andholmen" er den einaste av skutene som gjekk på Shetlandsfart og einaste flytande fartøy som bar splittflagg under heile krigen, som ikkje er gått tapt.

Arbeidet med restaureringa av båten til eit verneverdig minne frå krigen, er godkjendt av Riksantikvaren.

Olav Øvrebø fortel til Bygdabladet at det har gått med mange dugnadstimar for å få "Andholmen" tilbake i opprinneleg stand. Sjølv har han lagt 3000 timar i arbeidet med styrehuset.

I ein reportasje i Stavanger Aftenblad den 31. juli, framgår det at det til saman er brukt 3,5 millionar kroner, firmagåver og utallige dugnadstimar for å få båten i stand.

Olav Øvrebø seier til Bygdabladet at utanom Forsvaret, har også Stavanger kommune, Fylkeskommunen, og ein del andre bidratt med gåver. Dei fleste bidragsytarane er elles lokalisert til søre del av fylket, men også Loden Laks har bidratt.

Forhistoria

Den opprinnelege "Andholmen" vart bygd i Brattvåg i Møre og Romsdal i 1938, og levert til ein reiar i Bø i Vestaerålen. I startfasen av krigen vart båten rekvirert

av norske sjømilitære styresmakter i Nord-Norge. Etter krigen har båten m.a. vore driven som både fiskebåt og förlager for fiskefôr. Under krigen gjekk ho i fart over Nordsjøen frå Skottland og Shetland med krigsfor-



Gamalt bilde av "Andholmen"

syningar, agentar osv., og tilbake fylgde ofte personar som var ettersøkte av tyskarane. "Andholmen" gjekk også på Orknøyane og opererte frå Island som patruljefartøy.

Detaljert arbeid

I styrehuset som Olav Øvrebø har restaurert, er det mange detaljar som etter kvart kjem fram. Her er dei gamle lukkevinduene på plass, det er sett opp kart/



Skroget av "Andholmen" vart sett på sjøen frå Ulsnes mandag den 30. juli. Det veg 67 tonn, og flaut godt på eigen kjøll igjen etter alt reparasjons- og restaureringsarbeidet.

Nå står det att å få resten av skanseledninga på plass, og motoren om bord. Casingen over motorrommet står klar til å heisa på plass. Det same gjer sjølve styrehuset som Olav har sett i stand.

Foto: Jarl Inge Haga, Stavanger Aftenblad

klaffbord, køyer. Reisverket er nytt, men dører og glas er gammalt, det same er låsar og lanterne.

Museum om bord


Det er meininga at "Andholmen" under dekk skal innehalda eit lite sjøkrigshistorisk museum, og det kjem også våpen frå krigens dagar på dekk.

Det krigshistoriske fartøyet har hovudbasen sin på Ulsnes, men det vil bli samarbeid med andre organisasjonar og fartøy i landet som har same funksjon som "Andholmen", i fylgje artikkelen i Stavanger Aftenblad.

Olav Øvrebø seier til Bygdabladet at det også må bli muleg å bruka båten til utflukter og liknande av lag og organisasjonar når det er kompetente fagfolk med.

Takk for hjelpa

Olav Øvrebø vil takka dei som har hjulpet han under arbeidet. Særleg takk til Sigmund Grønnestad som har bistått med transporten av styrehuset.



Inngangen til styrehuset på babord side. Detaljane er fine med originale dører, handtak og låsar, og dei typiske vinduene som du lukkar opp og att ved hjelp av ei lærreim som er festa til nedre kant av vinduet.


TRAFIKKULYKKE

Bokn brannvesen fikk melding om trafikkulykke på E39 ved Boknasundbrua onsdag 11/7 kl. 15.20. En personbil hadde kjørt inn i bakre del av Kystbussen som stod parkert i busslomma. Brannvesenet var på skadestedet med fire brannmenn kl.15.35, og da var allerede ambulansen på Bokn på skadestedet. Da det ikke var noen fastklemte personer, ble oppgavene til brannvesenet å forebygge bilbrann og å dirigere trafikken forbi skadestedet. Det var særlig viktig å få flyt i trafikken fra nord slik at de to ambulansene som var på vei fra Haugesund fikk klar kjørebane.

Brannvesenet sørget for opprydding på skadestedet. Det var da bra å ha den nye brannbilen med høytrykksspyling for å spyle bort olje og kjølevann fra kjørebanen.

Brannvesenets deltakelse ble avsluttet kl. 1800.

Dette var den første redningsaksjonen med ny brann- og redningsbil.



PS! Forskerene har konkludert med at dersom alle billister demper farten med gjennomsnitt 2 km/t vil 25 personer være reddet i trafikken årlig.

Tidsforbruket er 1 min. og 15 sekunder pr.dag!

OG HUSK

HOLD AVSTAND TIL BILEN FORAN!

BRANNSJEFEN

Flott samarbeid!

av Lars Morten Kro

Samarbeidet mellom Bokn kommune, Block Wathne og Husbanken har gitt resultater. Fire ungdomsboliger er innflytningsklare!




Flere har kanskje sett at det har skjedd noe ved rota av Boknabrua på Austre Bokn. En kunne trodd at det var snakk om rekkeleiligheter til dyre dommer, men det er noe spesielt med akkurat dette. Husbanken gav Bokn Kommune 70 % av kostnaden i lån, og 30% i tilskudd. Og siden kommunen stilte med gratis tomter, kan man si at prosjektet er 100 % finansiert. P.g.a. av dette kan kommunen gi ungdommene rimelig leie på disse boligene.

Som sagt er dette ungdomsboliger, og det er lagt opp til at disse skal være for ungdommer som flytter hjemmefra for første gang. Bokn Kommune ønsker å gi disse et sted i trygge omgivelser, der de kan trives. Kommunen har jobbet lenge med å holde ungdommene tilbake i kommunen, slik at den kan vokse. Dette tiltaket her mener de er et stort skritt i riktig retning.

Det er fire leiligheter. De to største er på 61 m² og koster kr. 2.950,- i mnd. De resterende to er 52 m² men koster berre kr. 2.250,- i mnd. Søknadene kom fort inn, og alle boligene er reservert. Dette viser at prosjektet er vellykka på alle måter.

Samarbeidet mellom Bokn kommune, Block Wathne og Husbanken har vist seg å være et pioner-prosjekt, som andre allerede har tatt etter. Da er det bare å ønske leieboerne lykke til med sine nye hjem!!



Unger på høvringfangst

av Lars Morten Kro



Eirik i aksjon. Vegar var ikke til stede da bildet ble tatt.


Det er ikke bare krabber de har fått i disse teinene. Småfisk (stinter), tare og en haug med sjøstjerner er noe som ofte går igjen. De fem teinene de bruker, er både kjøpt, lånt og hjemmelagde!

På Austre Bokn, nærmere sagt Øvrebø og Nedrebø, er det to gutter som har en spesiell hobby. De driver med høvringteiner. For de som ikke vet hva høvring er, så er det disse røde krabbene som man spiser så masse av! Guttene heter Eirik Nedrebø og Vegar Kvinnesland Øvrebø, de fyller begge ti år dette året, så de er tidlig ute. Når Bokn Bygdablad var med på teinesjekk, hadde de holdt på i litt over ei uke. da hadde de allerede fått 12 stykker.



"Flipper" i full vigør i "Krojen"

5. august leika ein kjælande "Flipper" lenge med boknarar og feriefolk i hamna i Alvestadkroken. Ingenting tyda på at delfinen var hemma av skadene etter kollisjonen med båten til Stavanger brannvesen.



Blant alle nyfikne som ville sjå "Flipper", og ikkje minst dei grundig debatterte såra hans, var Linn Sæbø. Ho kunne fortelja at ho hadde bada saman med kjæledeggen og visste kor mange sår han hadde.


- Eg var ikkje heilt trygg, for eg visste at ein måtte vera varsam no når "Flipper" er skada.

Kjetil Vatnaland og Wolfgang B. Ognøy gav den folkekjære kjendisen mjuke klapp frå kvar sin robåt. Fleire båtar kom til og på bryggene samla stadig fleire seg. Det så ut som om "Flipper" lika å vera midtpunktet, og



Helsar på alle: May Elisabeth Alvestad registrerer at "Flipper" ventar på meir kos, etter at mannen Lars Magnus har kosta han på ryggen. I bakgrunnen ventar Linn Sæbø på at delfinen skal koma bort.

han tok seg god tid til å helsa på alle. Sjølv når feriegjesten Anders hoppa uti og symde bort til "Flipper" var han med på notene. Det blei ei stor oppleving for Anders då han fekk stå, halvveis sitja på ryggen til kjendisen. Målet hans var å halda i ryggfinna og bli dradd avgårde, men det var ikkje "Flipper" interessert i denne gongen.



Åtte slike delfinar i heile verda: Anders fekk nærkontakt med Rogaland-kjendisen.

Då fleire frå land ville prøva å få nærkontakt, gøymde "Flipper" seg under katamaranbåten "Krojen". Delfinen er svært begeistra for båten til Loden Laks, for under den kan han uforstyrra gå opp og pusta. Dei blei nok litt skuffa, dei andre som hadde kome seg uti, men "Flipper" meinte tretimars lek fekk vera nok.

Sju stygge sår: Flenga over pustehullet er 30 cm langt og 8 cm djupt. Det ser ikkje godt ut å ha dei gapande såra, men alle er samde om at alt blir bra igjen.



Eitt av mange besøk

Steinar Alvestad kan fortelja til Bygdabladet at "Flipper" er her i fleire dagar i slengen. Han har sjølv sett spruten av han då han hoppar seg inn i sundet frå Boknafjorden. Delfinen følger ofte etter båtar, og Steinar meiner det er eit under at ulykka med "Nøkk" ikkje har skjedd før.

Det er tydeleg at den populære delfinen likar seg i "Krojen", og ungane frydar seg over at kjendisen vil bada med dei i sommarferien deira. Det er nok litt stas at sjølvaste "Flipper", som har vore både på TV fleire gonger, og i mange av landets aviser etter at Steinar Bastesen ville skyta han. Ja, fleire meiner kjæledeggen har "blanda seg inn i" valkampen.

Boknarane har ingenting i mot at delfinen slappar av i Krojen, og omsorgsfulle blikk og klapp er det nok av!

Studerer på solsida

(BRISBANE, AUSTRALIA) – Me trengte sol etter å ha studert i Bergen. Derfor hamna me i Brisbane, seier Simon Myklevoll Sjøen (24) frå Tysvær og sambuaren Solveig Marie Skår (20) frå Bokn.

Av Øyvind Nordvi Sæthre

Eitt semester i Bergen var nok for Solveig, så i februar i fjor reiste dei to til Brisbane, som ligg på austkysten av Australia.

Dei to er blant dei over 500 norske studentane som nett no har byrja på vårsemesteret på Queensland University of Technology (QUT) i millionbyen. Etter nokre veker med vinterferie er dei nok ein gong klar for nye veker med aktiv pendling mellom lesesal, datasal og forelesningssalene på QUT.

Erfarne

Simon og Solveig er blant dei røynde studentane i Brisbane. Mange nordmenn tek berre eit semester eller to i utlandet, men sambuarane tek heile den treårige dataingeniørutdanninga i Australia.

-Då me kom hit var det berre vel 50 nordmenn på QUT. Då var det ganske spesielt å reise hit. Men no når det er meir enn ti gonger så mange frå Norge her har Brisbane mista litt av sjarmen, seier dei.

Med så mange nordmenn på universitetsområdet er det ikkje fritt for at du høyrer mykje norsk når du går over området, og du ser heimesida til fleire norske aviser på ein rask tur gjennom datasalen.

- Samstundes er det og bra med eit godt norsk miljø. Det er trygt når me er så langt vekk frå heimen. Me treff og mange folk frå andre land gjennom dei norske me kjenner. Så sjølv om me på fritida nok snakkar vel mykje norsk er me ofte saman med folk frå Australia eller andre land. Me treff mest asiatar, mellom anna folk frå Indonesia og Malaysia, legg Solveig til.

Vinterkulda over


Klimaet var noko av det som trakk dei to til Brisbane, og no er vinteren snart over. Vel, vinter tyder ikkje det same som sure vinterstormar på Vestlandet, men når gradestokken kryp ned mot 20 på dagen er det kaldt i Brisbane. Etter månader med godt og vel 30 grader kjenner ein det godt det no er som på gode norske sommardagar.

- I fjor på denne tida hadde fekk me vitjing frå Norge, og dei la seg på stranda i shorts. Sjølv hadde eg bukse og to gensrar på meg for å halde varmen. Du vert fort van med varmen her nede, og når det er vinter her er det litt kaldt, seier Solveig.

Travelt på universitetet

Skippertaka mange studenter kjenner frå Norge, med intens lesing i vekene før eksamen, held ikkje i Brisbane. Universtitet held studentene i øyra frå første veke.

- Me må jobba på frå starten av. Dei gjev oss opp-



Solveig Marie og sambuaren utanfor skulen, i den botaniske hagen som ligg langs universitetsområdet. Der pleier mange studentar å finne seg ein skygge når dei les på eit fag.

gåver, innleveringar og ein eksamen midt i semesteret som alle tel på sluttkarakteren. Så viss du ikkje har arbeidd frå starten av nyttar det ikkje med ein god sluttspurt. Karakterane frå tidlegare i semester kan gjera at du stryker, seier Simon.

Dei får uansett tid til litt fritid så dei kan nyta klimaet dei kom hit for.

- Eg golfar litt, og det er flott å kunna planlegge uteaktivitetar utan å måtte tenkja på korleis veret vert dei neste dagane. Du veit at det vert sol også i morgon, seier Simon.

Rik på opplevingar

Gode økonomiske ordningar gjer at dei to kan leva bra på det dei får i stipend og lån frå Lånekassen. Maten er så rimeleg at dei slepp å sjekka prislappen på varene, og dei får mykje betre husvære for same prisen som heime.

- Men det er opplevingane frå eit anna land som sit att. Det er mange flotte stader nær Brisbane å reisa til på helgeturar. I feriane har me og teke litt av oppsparte pengar og reist litt lengre. Når me reiser heim kan me og stoppa på vegen og få møta andre kulturar. Til no har me mellom anna vore i Singapore, Thailand og i Los Angeles på veg heim. Me reknar med å finna nokre nye vegar dei neste gongene me skal heim, smiler dei

to.

Alle heime kan trøyste seg med at dei to vender heim att etter at studiene er ferdige i Australia. Men dei treng ikkje kjenna seg sikre på at dei vert heime i mange år.

Australia er eit kjekt land å vera i. Det er mange norske firma, eller firma som har kontor i Norge her nede, så me må seia at det verkar forlokkande å arbeida her for ein periode, seier Simon og Solveig.

Hjelper ferskingar

Kjem du som student til Brisbane står Rigmor Løno og resten av gjengen i Den Norske Klub klar til å hjelpa deg i gong.

Av Øyvind Nordvi Sæthre

Løno er i tillegg til vervet som president i Den Norske Klub også representant for ANSA, ein organisasjon for norske studentar i utlandet.

ANSA jobbar politisk for å betra tilhøva for norske studentar i utlandet. Me har mellom anna fått Lånekassen til å betala ut studielånet til oss i Australia i juli, då semesteret startar. Lokalt jobbar eg for at me skal få meir gratis tid på internett. Det er jo den einaste måten å følgja med på kva som skjer heime, og ha jamn kontakt med slekt og vener, seier jenta frå Voss. Hun studerer sjølv internasjonal bank og finans, og har verva i ANSA og Den Norske Klub på fritida.


Den Norske Klub har som mål å sørge for kjekk fritid og gode dagar utanom sjølvve studiesituasjonen. Dei arrangerer festar og samkome for at potensielt einsame nordmenn i Brisbane ikkje skal verta det, og dei hjelper til med ein del praktiske ting. Ei av dei viktigaste er nok "Markedsplatsen" på internett der studentar på veg heim kan selja sofaen, skulebøker eller bilen til ferskingar.

17. mai feiringa er også eit viktig arrangement for å skape trivsel. Då er det bunader, sekkeløp og tog, alt sammen med ein kopi av kongefamilien på altanen ved sida av plassen med aktivitetar.

- Den dagen er ikkje berre for studentar. Ein nordmann i Townsville køyrde langt over 100 mil kvar veg berre for å koma hit. Han emigrerte for 34 år sidan, og tok med seg den australske kona si til Brisbane for å feira nasjonaldagen. Om kvelden var det festmiddag, og då den norske ambassadøren las opp telegrammet frå Kong Harald sat 300 mennesker med klump i halsen, seier Rigmor, nesten rørt av å fortelja om det.

Norske studentar i Australia har relativt gode økonomiske ordningar. Skulepengane på 60.000 kroner i året vert nesten dekkja av Lånekassen, og elles er levekostnadene lågare enn i Noreg.

Mange studentar bur for omlag 2.000 kroner i månaden, og då er det ofte fri bruk av badebasseng og boblebad inkludert. Mat og klær er også rimeleg, så me lever nok minst like godt som medstudentane heime. Men skal man ha råd til bil eller mykje reising må man ha med seg sparepengar, sier Løno.



President i Den Norske Klub, Rigmor Løno

- Har du lyst til å reise ut å studera er Australia plassen. Godt klima, bra studier og fornuftige levekostnader. Men husk for all del at det er vanvittig langt heim, avslutter ho.

Har du lyst til å studera i Australia?

Her er nokre nyttige heimesider å starta med:

www.ansa.no og **www.ansa.org.au** er organisasjonen for studentar i utlandet.

www.iec.no er agent for ein del universitet i utlandet og hjelper deg med det praktiske.

www.norsc.org er den norske klubben i Brisbane.

www.lanekassen.no fortel om det økonomiske.

www.qut.com er eit av universiteta i Brisbane


www.lonelyplanet.com gir deg smakebitar om landet.

COOP BOKN

- Dagligvarer
- Bensin—Diesel
- Medisinutsalg
- Driftsmidler
- Postfilial
- Bank i butikk



coop
marked




BJØRN LINDANGER

Alt i Graving og Transport

Rennesøy, Tlf.: 51 72 36 15 - Mob.: 946 72 848

- Me utfører alt innen graving og transport.
 - Me formidler baring og skyting.
 - Maskiner fra 1,5 tonn til 21,0 tonn 3 stk
 - Levering av rør og kummer.
- dumperbiler.



**A. OLUFSEN
SKIPSSERVICE A.S**

AVD. BOKN

Tlf. 52 74 84 60 – Mob. 98 20 90 28

**VI UTFØRER ALT INNEN: STÅL · ALUM. · RUSTFRITT · RØR-
ARBEID · MASKINARBEID · HYDR. · TESTING, SERTI-
FISERING AV KRANER · LASTE, LOSSEUTSTYR PÅ SKIP**


**FAMILIE PÅ 4
ØNSKER Å LEIE
HUS ELLER SMÅBRUK
LANGTIDSLEIE**

**TLF.: 99 47 85 74
ETTER KL. 16.30**



HÅRSMIA

Austre Bøkn - mot Vågå



*Nye varer fra Hair Collection
Flass/tørr hodebunnssjampo m/garanti*

*Har noen lyst å sitte modell
i slutten av september?*

- Klipp/farge
- Langhårøppsett

*Kom innom eller ring
for timebestilling
52 74 86 47*

Mona Vågå

**Brukt ergometersykkel
ønskes kjøpt - tlf. 52 74 85 01**

**Egnet båt til lekeplass
ønskes - tlf. 52 74 86 19**

Tannlegekontoret

er ope torsdagar og fredagar.

(Folk som ikkje møter opp må betala for timen).

BOKN FYSIOTERAPI

Tysdag og onsdag
og helgene i partalveker.

Direktenr. 52 75 25 33

Ta kontakt for avtale.

**Geir Austvik
fysioterapeut**

FOTTERAPI

kvar onsdag på legekantoret
kl. 09.00 – 14.00

Første mandagen i kvar mnd.
kl. 15.30 - 18.30

For påmelding, tlf. 52 74 84 79

Rita Jensen - fotterapeut

SONETERAPI/NATURMEDISIN

ope etter avtale
på fysioterapirommet.

Timebestilling:
52 74 86 11

**Jorid Veia
heilpraktikar**

LIKNINGSKONTORET

Kontordagar i Bokn
tysdag og torsdag
kl. 08.00 – 15.00

Tlf. 815 32 666
(skatteetaten)

Måndag, onsdag og
fredag kontordagar ved
Tysvær liknings- og
folkeregister i Aksdal
kl. 08.00 – 15.00

**Gaute Kro
likningssjef i Bokn**

TRYGDEKONTORET

Kontortid kl. 9.00 – 14.30
Telefontid kl. 8.00 – 15.30

Tlf. 52 75 21 50
Fax. 52 75 21 51

Direkte innval: 52 75 2 + linjenr.

Ragnhild Ognøy: linjenr. 150
Ingunn Sunde: linjenr. 152

**Ingunn Sunde
trygdesjef**

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag i
Boknatun kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må
gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i
Tysvær andre vekedagar,
tlf. 52 77 05 00

**Bjørn Bruaset
jordbrukssjef**

Takk til alle som deltok i gravferda til mor vår, Tordis Våga, og for helsingar og blomar.

Ein serleg takk til personalet ved Bøkn sjukestove for god pleie og omsorg.

Familien

BARNEKORET

Fyrste øving mandag 3. september på skulen kl. 16.30 - 17.45.

Gamle og nye medlemmer er velkomne.

Nye kostholdsråd for fisk og skalldyr i Rogaland


På grunn av høgt innhald av miljøgifter fårår Næringsmiddeltilsynet folk frå å ete fiskelever og skalldyr i område i Karmsundet, Stavanger og Sandnes.

I 1999 og 2000 vart det gjennomført undersøkingar frå hamner i Rogaland av miljø-gifter i organismar som kan etast. I fiske-lever frå Stavanger hamneområde og Eidsbotn ved Kopervik vart det avdekka høgare verdier av PBC enn tidlegare. I blåskjell frå heile Karmsundet, i delar av Stavanger og i Sandnes vart det funne høge verdier av

PAH (polyaromatiske hydrokarboner, såkalla tjærestoff).

I Karmsundet er det tidlegare avdekka høge verdier av PAH i krabbar.

SNT fårår konsum av **skjell** og **krabbar** fanga i heile Karmsundet, avgrensa i nord av ei linje mellom Storøy og Tonjer fyr og i sør av ei linje mellom Nordstoke og Krokane-set, og konsum av **fiskelever** frå Eidsbotn.



Bør mine **barn** ha ein
barne- og ungdomsforsikring ?
Vil barneforsikring gi ungane
ein **tryggare** oppvekst?

Du som er kunde i SpareBank 1 SR-Bank treng ikkje gå langt for å finne ein enklare, betre og meir praktisk forsikring.

Vi leverer alle typer forsikringar.

Samlar du bank og forsikring på ein stad er det enklare å halde oversikten over verdiane dine.

Ta kontakt.

Snakk forsikring med nokon som kjenner deg

SpareBank 1 SR-Bank

BOKN

REGULERINGSPLAN FOR KNARHOLMEN NÆRINGSOMRÅDE


Etter PBL § 27-1 har Forvaltningsstyret i Bokn vedtatt å leggja ut til offentlig ettersyn forslag til reguleringsplan for næringsområde ved Knarholmen. Innafor planen er det avsett byggjeområde til kontor/industri, friområde, veg, gangveg og busslomme.

Planen ligg til gjennomsyn i Servicetorget på "Boknatun" i Føresvik.

Merknader må vere sendt Bokn kommune innan den 03.09.01

Spørsmål kan rettast til teknisk seksjon på tlf.52752505 eller e-post hfaye@bokn.kommune.no

Hans Faye



Funne ved
skulen
17. mai.

Du får ho
igjen på
Kultur-
kontoret.

Bedehuset sin dag

Me vil minna om denne dagen 26.
august kl. 13.00.

- langbord ute
- grilling av laks
- leikar

**Ta søndagsmiddagen
saman med oss!**

BOKN BYGDABLAD

UTGJEVAR

Bokn kommune

5561 BOKN

Tlf 52 75 25 00

Fax 52 75 25 15

E-post : jhavikbotn@bokn.kommune.no

Bankgirokonto 3373 07 00305

Postgirokonto 0806 56 84501

BYGDABLADNEMND

Svein Ivar Langhelle

Eva Moi

May Jorunn Vatnaland

REDAKTØR

Jardar Havikbotn

Direkte tlf. 52 75 25 08

REDAKSJON

Jardar Havikbotn

Reidar Alvestad

Linda Ognøy

ABONNEMENT

Kr. 200,- pr. år

ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 500,-

Halvsida kr. 300,-

Kvartside kr. 150,-

1/8 side kr. 100,-

Privatann. kr. 30,-

Fastann. etter avtale

FRIST FOR STOFF

Etter avtale med redaktøren

BLADET KJEM UT

10 gonger i året

STORT FORSIDEBILDE

"Flipper" på besøk i "Krojen" 5. august

Foto: Jardar Havikbotn

TILBUD STEINFRI SKJELLSAND

Kr. 135,- pr. m3 fritt utkjørt innmark.

Kr. 145,- pr. m3 fritt utkjørt utmark.

*Kontakt Jakob Ullenes,
4150 Rennesøy*



51 72 32 87

946 70 873

Kva les folk i Bokn Bygdablad?

av Lars Morten Kro

16 boknarar svarte på kva dei las i Bygdabladet:



Er det noko du savnar i Bygdabladet?

I tillegg til undersøkinga over spurde me om det var noko dei savna i Bygdabladet, noko dei hadde likt å lest om.

To svært generelle ting, var historie og lesarinlegg. Med historie var det ynskje om å få lesa om gamle kulturrelle ting og stader, og lesa om historiar og hendingar som skjedde i Bokn bak i tid. Ved å nytta seg av lesarinnlegg kunne ein diskutera offentlege ting, noko som kan gjera store framskritt. Kanskje dette kunne vera ein måte å få fram saka si på?